

REGLEMENT FOR GODTGJERSLE TIL FOLKEVALDE FOR PERIODEN 2015 – 2019

A. Generelt:

Reglane for godtgjersle gjeld og for tilsette sine representantar i samsvar med lov/avtale mellom kommunen og dei tilsette sine organisasjonar når møta foregår utanom ordinær arbeidstid.

Reglane for godtgjersle gjeld ikkje for tilsette sine representantar i samarbeidsutval for skular og barnehagar.

Ved møte i utval som ivaretek mandat for fleire utval og er personidentiske, vert det gitt godtgjersle for eitt utval/møte.

Møtegodtgjersle og tap av inntekt er meldepliktig og skattepliktig.

Dersom det same utvalet har fleire møte same dag, vert det berre gitt ei møtegodtgjersle.

Det vert ikkje gitt møtegodtgjersle for gruppemøte, fraksjonsmøte eller andre møte i partia.

Formannskapet tek avgjerd i tolkingsspørsmål knytte til dette reglementet og kan og fastsetja godtgjersle i særlege høve.

Heradsstyret vedtek reglementet for godtgjersle til folkevalde og eventuelle endringar i dette.

Satsane vert regulerte i takt med regulering av godtgjeringa til stortingsrepresentantane/årlege lokale lønsforhandlingar.

B. FAST ÅRLEG GODTGJERSLE

ORDFØRAR

Ordføraren si godtgjersle vert fastsett til den til ei kvar tid gjeldande godtgjering for stortingsrepresentantar, f.t. utgjer dette kr 885 491 pr. år. Godtgjeringa vert regulert i takt med godtgjersla for stortingsrepresentantar. Det vert ikkje gitt møtegodtgjersle for møte i kommunale organ i tillegg. For anna møteverksemd som representant for kommunen får ordføraren møtegodtgjersle i samsvar med reglementet i vedkomande organ.

Ordførar har rett til sjukepengar, foreldrepermisjon og forsikringar tilsvarande som kommunalt tilsette.

Pensjon: ordførar vert innmeldt i kommunen si tenestepensjonsordning, jfr. H-vedtak sak 07/14.

Etterløn:

Etter endt valperiode vert det utbetalt etterløn slik:

- 1,5 månader dersom vedkomande trer inn i ny stilling eller hevar pensjon
- I inntil 3 månader dersom vedkomande ikkje trer inn i ny stilling og ikkje hevar pensjon

Ordførar får tenestemobiltelefon og kommunen dekkar abonnements- og brukskostnader med denne.

Fasttelefon – kommunen dekkar abonnementsavgifta og samtaleavgift med kr 500 pr. kvartal.

Aviser m.m. – kommunen dekkar abonnementsutgifter med kr 5000/år

VARAORDFØRAR

Varaordfører får årleg fast godtgjersle tilsvarande 8% av ordførargodtgjersla. Godtgjersla inkluderer fungering som ordfører i feriar og ved andre kortare fråver. Møtegodtgjersle for møte i andre kommunale utval/organ enn formannskap og heradsstyre kjem i tillegg.

Varaordfører får dekkja utgifter til telefon med kr 450 pr. kvartal.

HERADSSTYRET

Medlemmer: Fast årleg godtgjersle tilsvarande 1,5% av ordførargodtgjersla. Ved fråver frå meir enn 25% av møta vert godtgjersla redusert tilsvarande.

Møtande varamedlemmer får godtgjersle pr. møte tilsvarande 0,2% av ordførargodtgjersla.

Medlemmer får dekkja telefonutgifter med kr 150 pr. kvartal.

FORMANNSKAPET

Medlemmer får fast årleg godtgjersle tilsvarande 3% av ordførargodtgjersla. Ved fråver frå meir enn 25% av møta vert godtgjersla redusert tilsvarande.

Møtande varamedlemmer får godtgjersle pr. møte tilsvarande 0,2% av ordførargodtgjersla.

Medlemmer får dekkja telefonutgifter med kr 300 pr. kvartal.

VALSTYRET

Medlemmer/varamedlemmer - møtegodtgjersle tilsvarande 0,1% av ordførargodtgjersla ved ekstra frammøte (utanom i tilknytning til formannskapsmøte).

RØYSTESTYRE

Leiar/fungerande leiar – møtegodtgjersle tilsvarande 0,3% av ordførargodtgjersla pr. møtedag.

Medlemmer/møtande varamedlemmer – møtegodtgjersle tilsvarande 0,2% av ordførargodtgjersla pr. møtedag.

A. *UTVAL MED STORT ARBEIDSFELT OG/ELLER INNSTILLINGSRETT TIL HERADSSTYRET (f.t. Plan- /kommunalteknisk utval, Kontrollutvalet)*

Medlemmer – fast årleg godtgjersle tilsvarande 2 % av ordførargodtgjersla. Ved fråver frå meir enn 25% av møta vert godtgjersla redusert tilsvarande.

Møtande varamedlemmer får godtgjersle pr. møte tilsvarande 0,2% av ordførargodtgjersla.

Utvalsleiar – fast årleg godtgjersle tilsvarande 4% av ordførargodtgjersla. I dette er inkludert møtegodtgjersle og godtgjersle for anna arbeid som naturleg høyrer til vervet.

Leiar får dekkja telefonutgifter med kr 300 pr. kvartal.

B. ANDRE FASTE UTVAL/KOMITEAR

Medlemmer får fast årleg godtgjersle tilsvarande 1% av ordførargodtgjersla. Ved fråver frå meir enn 25% av møta vert godtgjersla redusert tilsvarande.

Møtande varamedlemmer får godtgjersle pr. møte tilsvarande 0,2% av ordførargodtgjersla.

Utvalsleiar – fast årleg godtgjersle tilsvarande 2% av ordførargodtgjersla med tillegg av møtegodtgjersle.

Leiar for dekkja telefonutgifter med kr 300 pr. kvartal.

C. ANDRE UTVAL (faste og midlertidige, Eldreråd, Rådet for funksjonshemma, Administrasjonsutvalet, Arbeidsmiljøutvalet, heradsstyrerepresentantar i samarbeidsutval ved skular/barnehagar)

Medlemmer og varamedlemmer – møtegodtgjersle tilsvarande 0,1% av ordførargodtgjersla pr. frammøte.

Leiar i utval valde av heradsstyret – møtegodtgjersle tilsvarande 0,2% av ordførargodtgjersla pr. møte.

Leiar i utval valde av heradsstyret får dekkja telefonutgifter med kr 150 pr. kvartal.

D. LEIARGODTGJERSLE

Leiar eller fungerande leiar får leiargodtgjersle med ein sum tilsvarande 0,2% av ordførargodtgjersla pr. møte.

C. TAP AV INNTEKT

Folkevalde som taper inntekt som følge av møteverksemd knytt til vervet, får erstatning.

Det vert skild mellom

- Legitimert tap
- Ulegitimert tap

Tap i ordinær inntekt for å utføra vervet vert med legitimasjon dekt 100%, då likevel avgrensa til ein sum tilsvarande 0,4% av ordførargodtgjersla pr. møtedag. Føresetnaden er at det ligg føre tilfredsstillande dokumentasjon .

Arbeidstakarar må ha erklæring frå arbeidsgjevar om lønstop inkl. feriepengar og eventuelt pensjonsytingar.

For sjølvstendige næringsdrivande kan m.a. likningsattest og skatteattest nyttast om legitimasjon.

Ulegitimert tap av inntekt vert dekkja med inntil 0,2% av ordførargodtgjersla pr. møtedag. Godtgjering vert gitt berre der det er eit faktisk tap i inntekt og dette er grunngjeve.

Grupper utan fast løna arbeid, eks. pensjonistar, husmødre, studentar og freelancarar kan få dekning etter reglane for ulegitimert tap av inntekt.

D. FRIKJØP

Faste medlemmer i heradsstyre/formannskap/A-utval kan etter søknad få avtale om frikjøp av arbeidstid avgrensa til heile dagar dei dagane det er møte på dagtid. Rådmannen har fullmakt til å inngå slik avtale. Ved frikjøp vert den folkevalde ikkje trekt i løn. I staden sender arbeidsgjevar refusjonskrav til kommunen på utgifter til løn, inkl. sosiale utgifter for frikjøpsperioden. Den enkelte må sjølv søkja om permisjon frå sin arbeidsgjevar.

D. KOMMUNALT REISEREGULATIV

Reise-/skyssgodtgjersle vert dekkja i samsvar med kommunen sitt reglement og etter innsendt dokumentasjon.

E. REFUSJON AV UTGIFTER TIL STEDFORTREDER OG OMSORGSARBEID

Ved deltaking i kommunale møte dekkast legitimerte ekstraavgifter til

- Stedfortreder
- Barnepass
- Stell og pass av sjuke, funksjonshemma og eldre

med inntil 0,075% av ordførargodtgjersla pr. møtedag.

Nødvendig transport for stedfortreder i denne samanheng vert dekkja etter kommunen sitt reglement og etter innsendt dokumentasjon.

F. ADMINISTRATIVE RUTINER VED UT BETALING AV GODTGJERSLE

1. Ordfører - godtgjersla vert utbetalt som 11 «månadsløner» + feriepengar.
2. Varaordførar og formannsmedlemmer - godtgjersla vert utbetalt som 12 «månadsløner».

3. Utvalsleiarar og faste medlemmer i Plan- og kommunalteknisk utval, Komite for oppveks, idrett og kultur og Kontrollutvalet - godtgjersla vert utbetalt som 12 «månadsløner
4. Godtgjersle utover den faste til medlemmer og godtgjersle til varamedlemmervert utbetalt kvart halvår (juli og desember). Det same gjeld for refusjon for reiseutgifter. Samtidig vert det føreteke trekk i godtgjersla for dei som har fråver på meir enn 25% av møta.
5. Refusjon for tapt arbeidsinntekt vert utbetalt fortløpande etter innsendt krav.
6. Skyssgodtgjersle vert som hovudregel utbetalt kvart halvår etter innsendt dokumentasjon.

G. IVERKSETJING

Reglementet gjeld frå ny heradsstyreperiode etter valet i 2015. Frå same tid fell tidlegare vedtak om godtgjersle for folkevalde bort.